



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Korleis har elgjakta blitt påverka av auka hyttebygging og turisme? Ein studie frå hyttekommunen Vinje

How has the increase in tourism and construction of cabins affected moose hunting? A study from Vinje, a municipality with many cabins

**Olaug Vinjerui Gardsteig**

Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Rettleiar: Stein Joar Hegland

Innleveringsdato 3. juni 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.



Olaug Vinjerui Gardsteig

Juni, 2022

## Forord

Bacheloroppgåva i Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur ved Høgskulen på Vestlandet utgjer 20 studiepoeng og er eit avsluttande arbeid på det treårige løpet.

Utdanninga har gått føre seg ved instituttet for miljø- og naturvitskap i perioden haust 2019 til vår 2022. Oppgåva bygger i hovudsak på faga økologi og landskapsøkologi.

Tilknyttinga til heimkommunen min Vinje, og interessa for landskap og forvaltning har lagt føringar for arbeidet. Det var motivasjonen min for å ta kontakt med Villreinsenteret Sør som viste meg til Telemarksforsking. Dei hadde gåande eit prosjekt, «Tradisjon og destinasjon», og var med på forminga av oppgåva. Gjennom denne arbeidsprosessen har eg utvikla eit breiare fagfelt, særleg knytt til forvaltning, samt at eg har fått eit større nettverk.

I løpet av arbeidsprosessen er det mange som har vore til god hjelp og som fortener ein takk. Fyrst og fremst ein stor takk til rettleiaren min ved HVL, Stein Joar Hegland. Takk for gode innspel, rådgjevingar og korreksjonar. Ein takk til Lasse Mathisen, landbruksrådgjevar i Vinje kommune, som har rettleia meg angående viltforvaltning og som har gitt meg tilgang på relevante data og informasjon. Takk til Halvor Loftsgarden som også har bidratt med verdifull kunnskap om Vinjes viltforvaltning. Eg ynskjer òg å takke Marianne Singsaas, prosjektleiar for «Tradisjon og destinasjon», for råd og tips på vegen. Og ikkje minst takk til korrekturlesarane mine, de veit kven de er.

Sogndal 2022

Olaug Vinjerui Gardsteig

## Samandrag

Elgen er eit talrikt hjortevilt som spelar ei stor rolle både økologisk og samfunnsmessig, og er ein viktig utmarksressurs som blir regulert gjennom jaktuttak. Jakt som tradisjonell naturbruk har godt rotfeste i norsk viltforvaltning og er ein årelang tradisjon som er høgt verdsett. Hytter utgjer ein stor del av Noregs bygningsmasse og er ei viktig verdiskaping for mange kommunar. Vinje er blant dei største hyttekommunane i landet og har drive aktiv hytteutbygging i mange år. Fleire hytter fører også til auka ferdsel i utmark, noko som har skapt arealbruks- og interessekonfliktar på Rauland.

Oppgåva set ljós på kva konsekvensane er for elgen og utøving av jakt, som fylgje av hyttebygging og turisme i fjellbygdene i Vinje. Ei auke i indeksen for sett elg, står i kontrast til lokale jegerar som opplever å sjå færre elg. Jegerar opplever jakta som utfordrande på grunn av mykje turisttrafikk under jaktseasonen. Indeks for felte dyr syner nedgang i fellingstala i valda Rauland og Øvre Vinje i perioden 2000 - 2018. Indeksar for felt elg per jaktfelt syner at det på er skilnad mellom jaktfelt med og utan hyttebygging. I Øvre Vinje mellom jaktfelte Vågslid og Edland 2 er skilnaden større enn på Rauland, mellom Raulandsgrend og Nedre Austbø. Ein aukande elgbestand i lag med utfordringar kring utøving av jakt, tyder på at elgen har eit endra rørslemønster som fylgje av våre arealbruksendringar.

## **Abstract**

The moose plays a major role both ecologically and socially. The species is regulated through hunting. Hunting as a traditional use of nature is well rooted in the Norwegian culture and it is a long-standing tradition that is highly valued. Cabins are a big part of the developed areas in Norway and are an important value for many municipalities. Vinje is a municipality with many cabins and has been actively building cabins for many years, which has led increased traffic in the nature and conflicts of interest in Rauland.

The assignment puts light on the consequences for the moose and the practice of hunting, as a result of cabin construction and tourism in the mountain villages in Vinje. An increase in seen moose index is a contrast to local hunters who experiences seeing fewer moose. Hunters experience hunting as challenges due to a lot of tourist traffic during the hunting season. The index for hunted animals shows fewer felled mooses for both Rauland and Øvre Vinje in the period 2000 - 2018. Indicators for felled moose per field show that there is a difference between hunting fields with and without cabin. In Øvre Vinje between the hunting fields in Vågslid and Edland 2, the difference is greater than in Rauland, between Raulandsgrend and Nedre Austbø. Based on the increased population combined with challenges around the practice of hunting, the research shows a different movement pattern for moose, as a result of our land use changes.

# Innholdsliste

<i>Samandrag</i> .....	3
<i>Abstract</i> .....	4
<b>1. Introduksjon</b> .....	<b>7</b>
1.2 Mål og problemstilling .....	11
<b>2. Materiale og metode</b> .....	<b>11</b>
2.1 Studieområdet .....	11
2.2 Vinje bestandsplanområde .....	1
2.3 Elg ( <i>Alces alces</i> ).....	1
2.4 Datainnsamling.....	2
2.4.1 Statistikk om jakt, elgbestand og hytter .....	2
2.4.2 Intervju.....	4
<b>3. Resultat</b> .....	<b>5</b>
3.1 Hytteutvikling og fellingstal for Vinje.....	5
3.2 Bestandsutvikling og jakteffektivitet.....	5
3.2.1 Sett og felt elg .....	5
3.2.2 Felt elg per jegerdag .....	7
3.3 Fellingstal per jaktfelt .....	7
3.3.1 Rauland vald.....	7
3.3.2 Øvre Vinje vald .....	8
3.4 Resultat av intervju: jegerens oppleving av elgjakt.....	8
3.4.1 Observerte dyr og jaktutbytte .....	8
3.4.2 Utøving av jakt .....	9
<b>4. Drøfting</b> .....	<b>11</b>
4.1 Bestandsutvikling og jakteffektivitet i jaktfelt med og utan hyttebygging .....	11
4.2 Jegerens oppleving av elgjakt .....	13
4.3 Svakheiter .....	15
<b>5. Konklusjon</b> .....	<b>16</b>
<b>6. Referanseliste</b> .....	<b>17</b>
<b>7. Vedlegg</b> .....	<b>21</b>

## Figurliste

FIGUR 1. LOKALISERING AV STUDIEOMRÅDE RAULAND I AUST OG REFERANSEOMRÅDE VÅGSLID I VEST. ....	0
FIGUR 2. TETTELEIK AV HYTTER I VINJE, OMTRENTLEG AVGRENSING FOR VALDA RAULAND OG ØVRE VINJE OG POPULÆRE TURMÅL. ....	1
FIGUR 3. KARTUTSNITT FRÅ STRAVA HEAT MAP, RAULAND. HYTTEFELTA ER I HOVUDSAK I OMRÅDA NORDAUST FOR AUSTBØ. ....	0
FIGUR 4. KYR OG KALV UNDER JAKT I VINJE. FOTO: SIGNE GARDSTEIG. ....	2
FIGUR 5. HYTTEUTVIKLING OG FELLINGSTAL FOR VINJE BESTANDSPLANOMRÅDE. ....	5
FIGUR 6. SETT-ELG PER JEGERDAG I VALDA ØVRE VINJE OG RAULAND. ....	6
FIGUR 7. FELT-ELG I VALDA ØVRE VINJE OG RAULAND. ....	6
FIGUR 8. FELT-ELG PER JEGERDAG I VALDA I ØVRE VINJE OG RAULAND. ....	7
FIGUR 9. FELLINGSTAL FOR JAKTFELTA RAULANDSGREND OG NEDRE AUSTBØ. ....	7
FIGUR 10. FELLINGSTAL FOR JAKTFELTA EDLAND 2 OG VÅGSLID. ....	8

## Tabelliste

TABELL 1. REPRESENTERTE JAKTFELT FORDELT PÅ VALDA RAULAND OG ØVRE VINJE. ....	4
---	---

## 1. Introduksjon

Den største trugselen mot naturen og økosystema er arealbruksendringar (Evju et.al., 2020). Gjennom mange år har menneskets arealbruk påverka naturen, og areala som blir utbygd blir stadig større. Konsekvensen av mange arealbruksendringar er at viktige og sårbare leveområde for mange artar forsvinn (Torres et.al., 2011). Økosystema og det biologiske mangfaldet er eit viktig grunnlag for menneske og samfunn, og gjev oss blant anna mat, energi, medisin og genetiske ressursar (IPBES, 2019). Gjennom økologiske prosessar blir mellom anna luftkvalitet, frøspreiing og klimaregulering oppretthaldne. FNs naturpanel syner at på verdsbasis har 75% av landoverflata endra seg, og 85% av våtmark har gått tapt (IPBES, 2019). Totalsummen av menneskets arealbruk er altså med på å leggje eit stort press på økosystem og biologisk mangfald over heile verda.

Me som forvaltar og forbrukar naturen bidreg til arealbruksendringar som påverkar dyrelivet. Viltets evne til å flytte seg kan bli redusert som fylgje av t.d. eit inngrep eller ein aktivitet. Gjennom Tucker m.fl. sin studie blei det forska på pattedyr sine rørslemønster ved hjelp av GPS (Tucker et al., 2018). Vårt arealbruk er med på å forårsake tap av leveområde, biologisk mangfald og påverkar korleis dyr tar seg gjennom eit landskap som er forstyrra. Studien viste at tal pattedyr i gjennomsnitt blei halvert i område med høgt menneskeleg fotavtrykk (Tucker et al., 2018). For at dyr skal kunne bevege seg i landskapet og ha tilfredsstillande leveområde er mengde og kvalitet på leveområda viktig (Turner & Gardner, 2015, s. 240, 258). Korridorar er med på sikre eit samanhengande landskap slik at artar har moglegheit til å vandre mellom ulike område (*Hjortevilt i arealplanlegging*, 2021). Slik kan ein bidra til å auke levedyktighet til populasjonar, ved at det skjer utveksling av individ og gen. Menneskeleg aktivitet kan føre til unaturlege oppdelingar av landskapet, også kjent som fragmentering. Oppdeling og splitting av habitat som fylgje av turstiar, bygningar og anna infrastruktur kan føre til forstyrning, og vera ein stressfaktor for artane som blir påverka (Messina et al., 2018; Lykkja et al., 2009).

Elg er eit hjortevilt som til ein viss grad toler å vera nær menneskeleg aktivitet (Lykkja et.al., 2009). I område med mykje forstyrning trekkjer elgen seg vekk når det er høg aktivitet (Lykkja et.al., 2009), og føretrekkjer å ha tilgang på skjulestadar. Gjennom studiar kjem det fram at elgen får sterkare fluktrespons av menneskeleg forstyrning, i motsetnad til mekaniske.



Likevel reiste berre 2 av 12 elgar ut av leveområdet sitt og det reknast at elgen i liten grad blei påverka av forstyrringane (Andersen et al., 1994, s.16). Det fortel oss likevel at forstyrringar påverkar rørslemønsteret. Stankowich (2008) sin studie viste at hjortevilt var meir sky i opne landskap enn i skog og mindre sky i område med mykje menneskeleg aktivitet. Elgen er med andre ord eit tilpassingsdyktig dyr. I tillegg var menneske som gjekk langs stiar mindre trugande enn dei som gjekk utanfor (Stankowich, 2008). Stiar bidreg difor til å kanalisere ferdselen slik at forstyrringar blir redusert og med det mindre trugande for viltet.

Rørslene til elgen er i stor grad styrt av tilgang på ressursar, energibruk og risikoen for eventuell fare i eit ukjent habitat (Mysterud et.al., 2012, s. 66). Elgen er avhengig av kvaliteten på leveområda. Låg kvalitet kan føre til at elgen må vandre meir mellom ulike område (Mysterud et.al., 2012, s.61). Torres m.fl. har gjennom studiet undersøkt elgens habitatbruk om vinteren i eit menneskemodifisert landskap i søraust-Noreg (Torres et.al., 2011). Gjennom studiet kom det fram at elgen ofte oppheldt seg i område med furu, ein av beitepreferansane. I tillegg oppheldt elgen seg i open skogstruktur med låg tettleik av tredekke. Det er sett i samanheng med flatehogst og opne skogflekkar som har god beiteproduksjon. Som buffer til utbygde område synte studien at elgen blei negativt påverka innanfor ei grense på 1000 meter og oppsøkte ikkje område som var forbunde med menneskeleg forstyrring (Torres et.al., 2011).

Elgen trekkjer mellom sommar- og vinterbeite og har variasjon i beiteintensiteten i høve dei ulike tidene av året (Bjørneraas et.al., 2011). Elgens rørslemønster er sikra gjennom faste trekkruiter som elgen opplever som trygge. Fragmentering av landskapet kan føre til negative verknadar for ein elgbestand. Barrierar delar opp og hindrar ferdsel for dyra. Utbygging av eit hyttefelt eller ein merkt tursti kan vera med på å endre ei trekkroute. Elgen, som har bruka sine faste ruter over mange år, vel heller andre vegar og område å opphalde seg i (Taugbøl et.al., 2000). Den ytste konsekvensen av at trekkruiter blir endra er mindre utveksling av gen som kan føre til mindre genetisk variasjon og dermed endre bestanden (Rueness og Halleraker, 2020). Næringstilgang kan også bli redusert. I studiet til Øian m.fl. undersøkte dei effektar av ferdsel og friluftsliv på natur (Øian et al., 2015, s.54). Sårbarheita til vilt varierer

med sesongane, og mange artar er mest sårbare om vinteren. For elgen kan forstyrringar påverke døgnrytma, næringsopptak og predasjonsrisiko (Øian et al., 2015, s.54).

Regulering av elgbestanden er viktig for å ha ei berekraftig elgstamme. For store bestandar kan møte trugslar som parasittar og sjukdommar, samt stor konkurranse om beiteressursane (Mysterud et.al., 2012; Wikenros et al., 2019; Fangel & Gundersen, 2012; Helstad et al., 2005). Intensivering av skogbruket, som gjev større produksjon av godt beite, og retta avskyting for å spare produktive kyr, har ført til auke i elgbestanden i Noreg («Overvåkingsprogrammet for hjortevilt», 2021.; Mysterud et.al., 2012). Frå 3876 felte dyr i 1985 har det auka til 30 377 felte dyr i 2020 (Hjorteviltregisteret, 2022). Store bestandar av elg krev lovverk og forskrifter som legg føringar for korleis ein skal forvalte naturen og drive ei god viltforvaltning. Slik kan ein redusere konsekvensane som blir påført økosystem og biologisk mangfald. Kommunane har hovudansvaret for den offentlege forvaltninga av elg. Blant anna har dei i oppgåve å ivareta bestandane og deira leveområde. Gjennom bestandsplanar og forvaltningstiltak har jaktrettshavarane moglegheit til å bidra i forvaltninga (Erling J. Solberg et.al., u.å.). Dei har ansvar for organisering og tilrettelegging til utøving av jakt. Gjennom å registrere sette og felte dyr er kvar enkelt jeger ein viktig bidragsytar til kunnskap om forvaltninga (*Elg og hjort*, 2021).

I Faun-rapporten, *Elgen i Telemark etter jakta 2019*, peikar dei på eit felles mål i Telemark om å redusere tettleiken av elg i 2020 (Meland et.al., 2020). I Vinje kommune var anbefalinga å ha ein svak reduksjon i elgbestanden (Meland et.al., 2020). I Vinjes overordna forvaltningsplan viser dei til at elgbestanden har hatt auke dei siste 6 år etter jakta i 2020 (*Overordna forvaltningsplan for hjortevilt i Vinje kommune 2021-2023*).

For Vinje bestandsplanområde er det teikn på vekst i bestanden. Variasjonar i beiteressursar, topografi og tettleik av elg krev at uttaket må tilpassast lokale forhold (*Overordna forvaltningsplan for hjortevilt i Vinje kommune 2021-2023*). Kommunen har eit godt grunnlag for å seie noko om bestanden av elg som fylgje av systematisk innsamling av vekt, aldersfastsetjing av skotne dyr, samt innsamling av sett elg. Etter jaktåret 2019 er det rekna for å vera 0,7 elg/km<sup>2</sup> teljande areal, totalt 734 dyr i Vinje (Meland et.al., 2020).

Hyttebygging står for mange av arealinngrepa i ein hytte- og reiselivskommune og er permanente inngrep som har innverknad på natur- og dyreliv. Dei økologiske effektane av hyttebygging er fleire; oppdeling av dyras leveområde, habitattap, overbeiting og reduksjon av overlevingsmoglegheitene til dyra. I tillegg vil infrastruktur som veg, vatn og kloakk beslaglegge ytterlegare areal. Indirekte konsekvensar som vegetasjonsendringar, forureining i form av støv, støy og ljøs, og ferdsel kan ha innverknad på dyrelivet (Taugbøl et.al., 2000, s.58). Det er ikkje berre arealet av bygningsmassen som reduserer viltets leveområde, areala rundt hytta blir òg nytta heile året. Eit auka aktivitetsnivå kan gje ringverknadar for dyrelivet ved at ein påfører dyra stress (Spong et.al., 2020) eller at det blir ein arealbrukskonflikt med den tradisjonelle naturbruken (Vistad et.al., 2004). Jakt er ein tradisjonell naturbruk som har godt rotfeste i norsk forvaltning. For mange er det ein årelang tradisjon som blir høgt verdsett. Å jakte er eit fellesskap som er viktig for både det sosiale og det kulturelle (Skaufjord, 2010, s.3), og som gjev samhald på tvers av familiar, kjønn og aldrar. I tillegg er det verdifullt å kjenne området, samt å tileigne seg kunnskap.

Vinje er ein fjellkommune som er blant dei største hyttekommunane i landet (Vestfold og Telemark fylkeskommune, 2020.). Den storstilte hyttebygginga har medført arealbruks- og interessekonfliktar knytt til hyttebygging og elgjakt. I kommunens næringsplan er turisme og reiseliv omtala som hovudnæring (*Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021*, 2017, s.4). Kommunen har òg eit viktig forvaltningsansvar for elg. I tillegg til at elgjakt er matauk og ei fritidsinteresse. Allereie i 1965 blei det peika på at fjellbygder fekk ein invasjon av feriefolk og turistar som uroa bygdefolket (Sømme et.al., 1965, s.16). Dåtidas tankar og situasjonen i dag tyder på at det har vore interessekonfliktar mellom tilreisande og fastbuande i tidlegare år. På Rauland opplever fastbuande utfordringar knytt til utøving av elgjakt og meiner det har blitt mindre elg i Raulandsområdet dei siste åra (vedlegg 2). Det blir hevda at den aukande aktiviteten av hytteturistar er ein faktor som gjer jakta vanskeleg. I tillegg er populære turmål med på å gjera jaktterrenga til attraktive turområde. Dette legg føringar for bakgrunnen til oppgåva som er hyttebygging i møte med elgjakt i fjellbygder der kultur, tradisjon og historie har godt rotfeste.

## 1.2 Mål og problemstilling


Målet med oppgåva er å finne ut kva konsekvensane av aukande hyttebygging og turisme er for elgbestanden og utøvinga av jakt i fjellbygdene i Vinje. Eg undersøker dette gjennom å stille to hovudspørsmål:

1. Korleis har tal og indeksar for felte og sette elg utvikla seg i jaktfelt med og utan hyttebygging?
2. Kva slags oppleving har jegerane av endringar i elgbestanden og jaktutøvinga som fylgje av hyttebygging?


## 2. Materiale og metode

### 2.1 Studieområdet

Studiet føregjekk i Vinje kommune som ligg lengst vest i Vestfold og Telemark. Ein kommune med til saman 3779 fastbuande fordelt på eit samla areal på 3106 km<sup>2</sup> («Kommunefakta, Vinje», 2022). Vinje har ein rik og variert natur med høg fjell, dyrka mark, skog og vassdrag og utbygde område har høgdevariasjonar frå 450 – 1000 moh. Hardangervidda nasjonalpark utgjer 2/3 delar av kommunens areal (Thorsnæs et.al., 2022). Vinje har periodevis stor auke i innbyggjartalet som fylgje av hytter. I fjellbygda Rauland er det høg tettleik av hytter, og mykje turisttrafikk. Det same gjeld for fjellbygda Vågslid, men likevel i mindre grad enn Rauland. I oppgåva er det sett søkjeljos på desse områda (fig.2); Rauland som studieområde og Vågslid som referanseområde (fig.1).




Figur 1. Lokalisering av studieområde Rauland i aust og referanseområde Vågslid i vest.



Figur 2. Tettleik av hytter i Vinje, omtrentleg avgrensing for valda Rauland og Øvre Vinje og populære turmål.

I kommunens samfunnsdel er reiseliv fremja som viktig, og Rauland og Vågslid er satsingsområde for reiselivet (*Kommuneplanens samfunnsdel, Vinje kommune, 2016-2035*, s.7). Begge stadene har område med høg tettleik av hytter som i hovudsak er samla i felt med infrastruktur av høg kvalitet. Rauland har fleire hytter og fleire av felta ligg nær bustadområde. I Vågslid er det færre hytter og hyttefelta er lokalisert lenger ifrå bustadområda. Kommunen har drive aktiv hyttebygging sidan 2000-talet (Iversen et.al., 2016) og i 2018 var det registrert 5137 hytter i Vinje (*Bygningsmassen, 2022.*). Kommunen manglar tal på kor mange hytter det har vore fordelt på Rauland og i Vågslid per år frå 2000 fram til i dag. Ved å sjå kor mange som er tilkopla kommunalt vatn- og avlaupsnett kan ein få ein peikepinn på tal hytter. Dei som ikkje er kopla til VA-nett er ikkje medrekna i nemnte tal. På Rauland, frå Raulandsgrend til Torvetjønn, er det omlag 3060 hytter. I Vågslid, frå Øykjeli i aust til Raudberg i vest, er det omlag 1340 hytter (T. Midtbø, personleg kommunikasjon, 15.mars 2022).

I tråd med område som har høg tettleik av hytter, er naturen og område rundt med på å invitere til aktivitet. Via Strava Heat Map kan ein sjå registrert aktivitet i terrenget og ein ser at intensiteten aukar tydeleg i områda med populære turmål, som til dømes Austare Skardsnut, Brattskardnuten og Heimveglinuten på Rauland (fig.3).



Figur 3. Kartutsnitt frå Strava Heat Map, Rauland. Hyttefelta er i hovudsak i områda nordaust for Austbø.

## 2.2 Vinje bestandsplanområde

Forvaltningsplanar som gjeld for vald eller bestandsplanområde fastlegg tal dyr som skal fellast og fordelinga i kjønn og alder mellom okse, ku, kvige og kalv. Vinje har åtte vald som er medlem av Vinje bestandsplanområde og kvart vald har sin representant i dette styret. I lag med ein representant frå plan- og miljøutvalet dannar desse Vinje viltråd (*Overordna forvaltningsplan for hjortevilt i Vinje kommune 2021-2023*). Valda består av fleire jaktfelt som kvar har ein ansvarleg leiar. Leiar av jaktfeltet har ansvar for at jakta føregjeng på ein forsvarleg og human måte, og etter lovverk og føreskrifter. Det er også jaktfelta som registrerer data på «sett elg» i Hjorteviltregisteret.

Den overordna forvaltningsplanen for elg, hjort og rådyr blir utarbeidd av bestandsplanområdet og inneheld mål for dei ulike artane (*Overordna forvaltningsplan for hjortevilt i Vinje kommune 2021-2023*). Viltrådet har også ansvar for utarbeiding av bestandsplanar. I samsvar med den overordna forvaltningsplanen har valda ansvar for å utarbeide planar for 3 års periodar.

## 2.3 Elg (*Alces alces*)

Elgen er eit av dei viktigaste hjortevilta i norsk natur, og er sannsynlegvis hjorteviltarten med mest biomasse i Noreg (Speed et al., 2019). Skogens konge, som den også blir kalla, oppheld seg innanfor barskogfeltet på den nordlege halvkule (Hjortevilt, u.å.). Elgen blir rekna for å vera eit solitært dyr. Det vil seie at den i hovudsak oppheld seg aleine (Helberg, 2020). Unntaket er ved kalvens fyrste leveår, under brunsten og vinterstid når elgen oppheld seg der det er tilgang på næring. Mat, kvile og reproduksjon legg føringar for åtferd og aktivitetsmønster.

Uttak av elg skjer gjennom organisert jakt i perioden 25. september til 23. desember (Hjorteviltregisteret, 2022). Ein skil mellom ulike jaktformer som posteringsjakt, drivjakt, sporjakt og lokkejakt. Og både laushund og bandhund kan nyttast. Kor mange jegerar som er på jaktlaget varierer og det legg føringar for jaktforma (Pedersen et al., 2020).





*Figur 4. Kyr og kalv under jakt i Vinje. Foto: Signe Gardsteig.*

Elgen er lauv- og kvistbeitar og har sitt hovudsjikt og beitepreferanse i busksjiktet, og føretrekkjer artane raun, osp, selje, furu og vier (Mysterud et.al., 2012). Sommartid er elgen aktiv i matfatet heile døgnet med størst intensitet morgon og kveld, og førebur seg til haust- og brunstperiode. I denne perioden oppheld dei seg mange gonger nær tregrensa. På seinsommar føretrekkjer elgen å beite i eldre skog med meir skugge og høgare beiteverdi (Mysterud et.al., 2012). Vinteren med snødekke har dårlegare beitetilgang, og elgen er tilpassa kjøligare periodar ved at stoffskiftet går i sparemodus (Hjortevilt, u.å.; Græsli et.al., 2020). For å sikre næringstilgangen trekkjer elgen til vinterbeite sitt og på Rauland trekkjer elgen til Øyfjell vinterstid (L. Mathisen, personleg kommunikasjon, 13. september 2021).

## **2.4 Datainnsamling**

### *2.4.1 Statistikk om jakt, elgbestand og hytter*

Fellingstal og sett elg blei henta frå Hjorteviltregisteret (26. april, 2022) for vald i Vinje bestandsplanområde, samt fellingstal per jaktfelt i valda Rauland og Øvre Vinje. Data på tal hytter er henta frå Statistisk sentralbyrå sin statistikkbank for bygningsmasse (14. mai, 2022).

Fellingstal for Vinje bestandsplanområde og hytteutviklinga i Vinje er vist for å syne om det er ein samanheng mellom hyttebygging og fellingstal. Manglande data frå 2000-2005 på tal hytter er ein svakheit i indeksen. Data som kan vise bestandstettleik er vist gjennom indeksen sett elg per jegerdag og felt elg i perioden 2000-2018 for valda Rauland og Øvre Vinje. Felt elg per jegerdag er ein indeks som kan seie noko om jakteffektivitet i dei ulike valda. Det er fleire hytter innafor Rauland sitt område enn i Øvre Vinje. For å sjå om det er skilnad i periodar med færre eller fleire hytter blir det rekna ut prosentvis endring for ein 6-årsperiode. Frå åra 2000-2005 med færre hytter og frå åra 2013-2018 med fleire hytter.

Jakteffektiviteten er vist gjennom felt elg per jegerdag og seier noko om tidsbruk per felte dyr (O. Andersen, personleg kommunikasjon, 6. mai 2022). Indeksen er ein peikepinn på bestandstettleiken; ein tett bestand krev mindre jakttid for å felle tildelt kvote, i motsetnad til ein mindre tett bestand. Det er fleire faktorar som kan spele inn på jakteffektiviteten til jaktlaga, blant anna vêrforhold, tal på jegerar og ferdsel i jaktterrenget (H. Loftsgarden, personleg kommunikasjon, 6. mai 2022). Om jegerane brukar mange dagar på å felle tildelt kvote vil det vera synleg i grafen ved at tala blir lågare.

Fellingstall per jaktfelt seier noko om jakteffektiviteten per jaktfelt og det blir sett på felt elg for to jaktfelt i valda Rauland og Øvre Vinje. Slik kan ein sjå utviklinga i jakt med og utan hyttebygging. Valda dekkjer store areal og har fleire jaktfelt med nærleik til både høg og låg tettleik av hytter innanfor avgrensinga (fig.2). Difor kan det vera skilnadar på fellingstala, og det er også varierende kva type terreng laga har tilgang på.

Jaktfelta Raulandsgrend og nedre Austbø representerer Rauland. Jaktfelta har nokolunde like naturgjevne forhold, men det er variasjon i tal hytter og mengde turisttrafikk.

Raulandsgrend har mykje ferdsel som følgje av populære turmål, blant anna Falkeriset. Det er også hytter som ligg spreitt i jaktterrenget deira. Nedre Austbø har færre hytter og mindre ferdsel. Jaktfelta Edland 2 og Vågslid har om lag like naturgjevne forhold og representerer Øvre Vinje. Edland 2 er eit jaktfelt som er lite påverka av hytter og ferdsel, medan Vågslid har mykje hytter og turisttrafikk. Vågslid er i tillegg eit jaktfelt med få jegerar og få jaktdagar, noko som gjev utslag på resultatane. Som med indeksen for bestandsutvikling, blir den prosentvise endringa rekna ut for å sjå om auke i tal hytter påverkar fellingstala.

Lokale aktørar hevdar at jakta har blitt øydelagt frå 2000-talet av (M. Singaas, personleg kommunikasjon, 2021), noko som speglar startpunkt for datainnhentinga i dette studiet. Sluttunkt er satt til 2018, då det blei innført ny teljeinstruks for sett elg (Syverhuset, 2018; Solberg et.al., 2017). I Vinje er den nye instruksjonen innarbeidd i dei fleste valda (H. Loftsgarden, personleg kommunikasjon, 5.april 2022). Årsperioden er også sett i samanheng med hyttebygginga, som i løpet av desse åra har vore aukande.

Svakheiter ved å hente ut data på sett elg per jegerdag og felt elg frå Hjorteviltregisteret er at det gjev eit augneblikkbilete frå hausten, då det er i denne perioden dyra blir registrert. Tal på dyr andre delar av året kan difor vera eit usikkert moment. Andre svakheiter knytt til datainnsamlinga er mangelfulle registreringar i jaktlaga. Tal henta utifrå valdsnivå er sikrare, sjølv om ein då ikkje får fram dei lokale variasjonane. Eit anna moment som påverkar resultatane er variasjonane i tildelt kvote. For å styrkje innsamling av data, og for å inkludere data som ikkje kan målast i tal og verdiar, er intervju ein supplerande kvalitativ metode. I lag vil desse gje ei betre forståing av situasjonen (Dalland, 2021, s.54).

#### 2.4.2 Intervju

Arealbruksendringar påverkar ikkje berre naturen som blir beslaglagt, men også menneska som har ei tilknytning og kjennskap til området. Gjennom intervju får ein lokal kunnskap og erfaring om korleis jegerane opplever endringar i elgbestanden og jaktutøvinga som fylgje av hyttebygging. Jegerane fortel korleis det er å vera i jeger i område med høg tettleik av hytter og turisttrafikken som det medfører. Intervjua blei gjennomført våren 2022 i tråd med Høgskulen på Vestlandet sine retningslinjer. I forkant av intervjua fekk informantane tilsendt intervjuguide (vedlegg 1). Intervjua blei gjennomført via e-post, telefon og ved fysisk møte. Informantane har uttrykt seg på bakgrunn av egne erfaringar, meiningar og interesser, noko som kan ha innverknad på resultatane og legge føringar for svarene. Etter rådføring med forvaltningsorganet i kommunen blei det er tatt eit utval av jegerar og jaktleiarar som representerer studieområdet Rauland og referanseområdet Vågslid (tab.1). Fleire av jaktfeltene har terrenget sitt i nærleik til område med høg tettleik av hytter, og ligg også i tilknytning til populære turmål.


Tabell 1. Representerte jaktfelt fordelt på valda Rauland og Øvre Vinje

Vald	Rauland	Øvre Vinje
Jaktfelt	Falkeriset	Vågslid
	Raulandsgrend	Hyljelii
	Nedre Austbø	
	Austbø øvre	
	Representant frå Vinje viltråd	

### 3. Resultat

#### 3.1 Hytteutvikling og fellingstal for Vinje

Hyttebygginga har sidan tilgjengelege data i 2006 hatt ei jamn auke fram til 2018, då var det registrert 5137 hytter i kommunen (fig.5). Data frå 2000 - 2005 var ikkje tilgjengeleg i Statistisk sentralbyrå sin statistikkbank (14.mai 2022), og kommunen manglar også tal på dette. Fellingstala for heile Vinje bestandsplanområde viser ein negativ trend i perioden 2000 - 2018 med 41% nedgang.




Figur 5. Hyttutvikling og fellingstal for Vinje bestandsplanområde.

#### 3.2 Bestandsutvikling og jakteffektivitet


##### 3.2.1 Sett og felt elg

Indeksen for sett elg per jegerdag i perioden 2000 - 2018 (fig.6) viser at det blei sett meir elg i Øvre Vinje enn på Rauland. Sett elg per jegerdag viser variasjonen over tid for Rauland, og viser ein stabil trend illustrert gjennom auke i indeksen frå -62% i perioden 2000 - 2005 til 17% frå 2013 - 2018. Sett elg per jegerdag i Øvre Vinje er varierende med svak positiv trend over tid, vist gjennom auke i indeksen frå -11% i perioden 2000 - 2005 til 45% i perioden 2013 - 2018. Det er for begge valda sett fleire elgar per jegerdag i åra med fleire hytter.



Figur 6. Sett-elg per jegerdag i valda Øvre Vinje og Rauland.


Indeksen for felt elg i perioden 2000 - 2018 (fig. 7) viser at det blei felt meir elg i Øvre Vinje enn på Rauland. Felt elg for Øvre Vinje viser ein svak negativ trend, illustrert gjennom reduksjon i indeksen på 8% i perioden 2000 - 2005 til -22% i perioden 2013 - 2018. For Rauland er trenden svak, illustrert gjennom -45% frå 2000 - 2005 til -8% frå 2013 - 2018. Etter nedgang frå 2008, for Rauland, jamnar det seg ut etter endring i avskytinga. Begge valda har lågare fellingstal i åra med fleire hytter.



Figur 7. Felt-elg i valda Øvre Vinje og Rauland.

### 3.2.2 Felt elg per jegerdag

Jakteeffektiviteten målt som felt elg per jegerdag er i perioden 2000 - 2018 varierende for begge valda (fig. 8). Nedgangen på 65% frå 2004 - 2008 for Rauland har bakgrunn i at det var ei låg stamme å jakte på og dei måtte bruke mange jegerdagar for å fylle kvota. Det er ein tydleg tendens at det er felt meir i Øvre Vinje, enn på Rauland.




Figur 8. Felt-elg per jegerdag i valda i Øvre Vinje og Rauland.

### 3.3 Fellingstal per jaktfelt

#### 3.3.1 Rauland vald


Indeksen for felt elg per jaktfelt (fig.9) viser at jaktfeltet Raulandsgrend har ein svak nedgang heile tidsperioden, men illustrert gjennom endring i indeksen frå -63% i perioden 2000 - 2005 til 67% i perioden 2013 - 2018. I 2008 og 2009 manglar det registreringar, synt i grafen som 0 felte dyr. Nedre Austbø har gjennom perioden hatt ein svak negativ trend, illustrert gjennom indeksendring frå -29% frå 2000 - 2005 til 67% i perioden 2013 - 2018.



Figur 9. Fellingstal for jaktfelte Raulandsgrend og nedre Austbø.

### 3.3.2 Øvre Vinje vald

Indeksen for felt elg fordelt på jaktfelta Edland 2 og Vågslid i perioden 2000 - 2018 (fig.10) viser at Edland 2 har ein nokolunde stabil, men svak negativ trend, illustrert gjennom reduksjon i indeksen på 33% i perioden 2000 - 2005 til -33% frå 2013 - 2018. Vågslid har ein sterk negativ trend med reduksjon i indeksen på 25% frå 2000 - 2005 til -100% frå 2013 - 2018. Det kan skuldast tal jakt dagar og kor mange jegerar som har jakta.



Figur 10. Fellingstal for jaktfelta Edland 2 og Vågslid.

### 3.4 Resultat av intervju: jegerens oppleving av elgjakt

Jegerane i valda Rauland og Øvre Vinje har alle hendingar, opplevingar og erfaringar som gjev eit innblikk i korleis det er å vera jeger i Vinje og i område med høg tettleik av hytter. Eg samanfattar her dei viktigaste opplevingane som jegerane har formidla, medan intervjuet er å finne i vedlegg 2.

#### 3.4.1 Observerte dyr og jaktutbytte

Informantane frå jaktfelta i valda Rauland og Øvre Vinje har opplevd ei gradvis endring av jakta frå 2000-talet av og fram til i dag. Fleire av jegerane påpeika at eit skogkledd terreng med få turmål har mindre ferdsel i området, i motsetnad til eit høgareliggende jaktfelt med populære turmål. Jaktfeltet Austbø øvre, i valdet Rauland, er eit av laga som har tilgang på eit skogkledd terreng og har også eit godt jaktutbytte, fortel jaktleiaren. I motsetnad til Falkeriset, i same vald, som har eit meir ope terreng og med meir ferdsel. Dei seier at dei må jakte lenger utover hausten, og har på grunn av ferdsel, eitt meir innskrenka område å få felt elg på. Jaktleiar for Hyljelii, Øvre Vinje vald, fortalte at lett tilgjengelege vegar i nærleik til jaktterrenget fører til auka bruk av området og meir turisttrafikk. Både på Rauland og i Øvre

Vinje har fleire av jaktfelte populære turmål i terrenget sitt (fig.2). Det fører til at stiar til dei ulike turmåla blir hyppig bruka og jegerane møter utfordringar i høve til utøving av jakt.

I Øvre Vinje vald fortalte informantar frå begge jaktfelte, Hyljelii og Vågslid, at dei har sett mindre elg, ei oppfatning som blir delt av fleire jaktfelt frå valdet Rauland. Ein observasjon gjort av jegerar i Øvre Vinje er at dei har merka seg at det er meir elg i terrenget rundt sesongens fyrste snøfall, då hyttene blir mindre brukt i denne perioden. Hyljelii opplever også at det har blitt færre stasjonære dyr i jaktterrenget dei seinare åra. Nedre Austbø, i valdet Rauland, peika på at jakta ikkje er slik den var på 90-talet då dei kunne sjå 8-9 elgar i drivet. Austbø øvre, nabofeltet, opplever det motsette og har sett bra med dyr dei siste åra, sett i samanheng med at det er eit lågtliggende og skogkledd terreng.

Falkeriset, på Rauland, nemner at dei har gode utsikter til å få felt trekkdyr, då dei kjem frå fjellet og trekkjer lågare ned i terrenget om hausten. Også jaktleiaren for nedre Austbø fortalte at dei mange gonger posta der elgen trekte før, men no ser dei nesten ikkje elg i det området lenger. I dag er tal på trekkruiter kraftig redusert som følgje av arealbruksendringar og det er i hovudsak to trekkruiter som enno er intakte på Rauland. I jaktfeltet Vågslid, Øvre Vinje, har jegerane observert at elgen trekkjer lenger ned i terrenget utover hausten.

### *3.4.2 Utøving av jakt*

Felles for alle jaktfelte i valda Rauland og Øvre Vinje, er at dei gjer tilpassingar. Ingen jaktar i haustferien, og dei omtalar det som håplaust å jakte grunna mykje aktivitet i denne tidsperioden. For å ivareta sikkerheten vel dei å ikkje jakte. Jegerane i jaktfeltet Vågslid, Øvre Vinje, har merka eit skilje før og etter ferien, med tydeleg mindre elg å sjå i terrenget dei siste åra. Alle jaktfelte jaktar stort sett i helgene, mykje på grunn av at det er då dei sjølve har kapasitet, men om nødvendig tar dei også i bruk vekedagane. Hyljelii, i Øvre Vinje, er eit jaktfelt der fleire er småbarnsfamiliar, og det krev planlegging å setje av dagar til jakt. Når dei fyrst er på jakt har dei måtta avbrote på grunn av turistar som har skapt uro i terrenget. Fleire av jaktfelte i begge valda jaktar frå morgonen av, fordi ferdselen aukar utover dagen. Likevel har Falkeriset på Rauland merka seg at det ikkje spelar nokon rolle om klokka er sju om morgonen eller eitt om dagen. Postar i jaktområde til nedre Austbø, som tidlegare gav eit godt utbytte, har dei no flytt på grunn av at det er lite elg å sjå.



Bruk av hund under jakt har for nokon av jegerane bydd på utfordringar. Kråmvikvegen, tilkomstveg til parkering for Falkeriset, er ein svært trafikkert veg. Mange er redde for hundane sine og er bekymra for å sleppe dei på grunn av stor biltrafikk. Nedre Austbø, som nyttar seg av jakthund, opplever det som utfordrande at turistar har lause hundar med på tur. Jaktfeltet Hyljelii, i Øvre Vinje, har slutta å bruke laushund i drivet. Det er fleire private grunnar til det, men ein faktor var at folk på hyttene meldte ifrå at hunden sprang gjennom hyttefeltet, og det var skummelt for borna. Vidare uttalte dei at jegerane måtte ta omsyn til hyttefolket.

Jegerane opplever det som umotiverande å drive viltforvaltning når det er mykje turisttrafikk i terrenget. Raulandsgrend jaktar etter at snøen har kome, på grunn av mykje turisttrafikk i terrenget om hausten. Konsekvensar av dette er ei avtakande interesse fordi jakta blir meir tidkrevjande. Dei må også ta i bruk delar av jaktområdet som ligg lenger unna, og det blir meir fysisk krevjande for eldre jegerar. Andre peikar på utfordringar med rekruttering fordi mange vel å ikkje vera med på jakt i nærleik til hytteområde. I jakttida er det mange utanfor jaktlaget som nyttar seg av terrenget. For å ivareta sikkerhet prøvar jegerane å seie ifrå om at det føregjeng jakt. Som skildra av ein jeger: «me har prøva å sett opp skilt for å minne om elgjakt og det er mange høflege, men få som snur». Jegerane opplever dette som mangel på kunnskap og respekt. Falkeriset har observert at ei endring frå før til no, er fleire turistar i fylgje og fleire type turistar. Tidlegare oppfatta dei folk som meir forståingsfulle ovanfor jakt. Også bruken av området har endra seg, no er det mange som brukar området til trening. Turistar som fyrar bål i terrenget, og slepper fuglehunden sin medan det føregjeng jakt er også ei oppleving jegerar nemner. Allemannsretten blir ofte brukt til å slå i bordet med og som ein jeger sa; « Allemannsretten trumfar grunneigars rett til å drive næring ».

## 4. Drøfting

### 4.1 Bestandsutvikling og jakteffektivitet i jaktfelt med og utan hyttebygging

Målet med oppgåva er å finne ut om hyttebygging og turisme verkar inn på bestanden av elg og utøving av jakt. Ser ein på Vinje bestandsplanområde sine fellingstal, og hytteutviklinga (fig. 5), er det nedgang i fellingstala etterkvart som tal på hytter aukar. Gjennom indeksane for sette og felte dyr er ikkje sjølv hyttebygginga med på å påverke elgen, sett i ljøs av at elgen er eit tilpassingsdyktig dyr (Stankowich, 2008). Hyttebygginga bidreg til oppdeling av leveområde og kan vera medverkande til å endre trekkruiter, og turisttrafikken gjer det utfordrande for jegerane i Vinje. Meir uro i terrenget, i form av menneskeleg forstyrning, kan utløyse fluktresponsar for elgen (Andersen et.al., 1994, s.16). Konsekvensen er eit innskrenka område som jegerane får felt elg på. På ei anna side toler elgen menneskeleg forstyrning til ein viss grad (Lykkja et.al., 2009), noko som kan forklare at det er sett fleire elg. I kontrast til jegerane som seier dei ser mindre, kan det vera indikasjon på eit endra rørslemønster.

Indeksane for bestandsutvikling i Vinje peikar alle mot ein aukande elgbestand. I fylgje sett elg per jegerdag (fig. 6) og felt elg (fig. 7) har Øvre Vinje sett og felt meir enn Rauland. Jakteffektiviteten (fig. 8) er òg lågare på Rauland, noko som tyder at dei brukar fleire dagar på å felle dyra. Det kan skuldast meir utfordring kring utøving av jakt med turisttrafikk i terrenget. Ein lågare jakteffektivitet indikerer at det er ein mindre tett elgbestand på Rauland, enn i Øvre Vinje. Jegerane var i tillegg nøye på kva dyr som blei tatt ut (H. Loftsgarden, personleg kommunikasjon, 9.mai 2022), noko som óg spelar inn på kor lang tid dei brukar. På Rauland kjem det fram av sett elg, at dei ser mindre elg i 2000 - 2005 enn i åra 2013 - 2018 som har fleire hytter (fig. 5). Hyttebygging påverkar med andre ord ikkje inn på kor mange elg som blir sett. Likedan er utviklinga i Øvre Vinje.

Med fleire sett elg i begge valda, Rauland og Øvre Vinje, viser felt elg det motsette med reduksjon i fellingstala åra 2013-2018. Sett i samanheng med Tucker m.fl. sin studie (Tucker et.al., 2018) der høgt menneskeleg fotavtrykk førte til ei halvering av tal pattedyr, og elgens evne til å tilpasse seg omgjevnadane (Stankowich, 2008), kan ein trekkje konklusjonar til at auka hyttebygging og turisttrafikk kan påverke rørslemønster og dermed fellingstala. Ved at

jegerane i fylgje indeksen sett elg, ser fleire elgar, men feller færre er det teikn på at elgen framleis er i jaktterrenga, men oppheld seg på andre stader som fylgje av arealbruksendringar som hyttefelt, infrastruktur og turstiar. Oppdeling av leveområde kan føre til at elgen opplever området som ukjent (Messina et.al., 2018; Lykkja et.al., 2009), og av den grunn tar i bruk andre delar av terrenget. Ei endring av elgens arealbruk leiar vidare til at jegerane må tilpasse seg elgen for å få eit godt jaktutbytte. Noko blant anna Austbø øvre har gjort, ved å ikkje jakte i delar av jaktterrenget som er nærast hyttefelta.

Indeks for felt elg per jaktfelt kan syne skilnadane mellom jaktområde med høg og låg tettleik av hytter. I valdet Øvre Vinje, ser ein at fellingstala for jaktfelta Vågslid og Edland 2 tydeleg viser at det er felt meir elg i Edland 2 som har få hytter og lite ferdsel. Vågslid har høg tettleik av hytter og mykje turisttrafikk i terrenget sitt, noko som kan forklare lågare fellingstal. Det er òg sett i samanheng med at elgen ikkje oppsøker stader med mykje aktivitet (Torres et.al., 2011). Ein annan faktor som påverkar fellingstala til Vågslid, er at dei jaktar mindre og med færre jegerar. Fellingstala for jaktfelta Raulandsgrend og nedre Austbø i valdet Rauland syner at det ikkje er stor skilnad frå område med fleire og færre hytter. Raulandsgrend er i stor grad påverka av ferdsel på grunn av populære turmål, t.d. Skardsnut. Jegerar frå både jaktfeltet Raulandsgrend og nedre Austbø seier at det er utfordrande å jakte. Nedre Austbø seier dei ser mindre elg, og har i fylgje fellingstala felt færre elg i åra 2013 - 2018 enn 2000 - 2005. Menneskeleg forstyrning har størst påverknad på viltet (Andersen et.al., 1994, s.16) og jegerane si oppleving kan med bakgrunn i studien underbygge det faktum at dei ser mindre elg. Skilnadane som er til stades, mellom jaktfelt med og utan hyttebygging, skuldast faktorar som topografi, kva terreng jaktfelta har tilgang på, kvote og jaktinnsats. Dette er indeksar som kunne vore inkludert i innhenting av data for å styrkje oppgåvas datainnsamling. Skilnadane viser også til at det er lokale variasjonar som ikkje er synleg på valdsnivå. Skilnadane viser òg til at det er lokale variasjonar som ikkje er synleg på valdsnivå.

Som fylgje av oppdela leveområde og reduksjon i landskapets samanhengar er konsekvensen eit endra rørslemønster for elgen. I tillegg er faktorar som betre beite på grunn av færre husdyr og omlegging av skogbruket med på å legge føringar for elgens arealbruk (Helstad et.al., 2005). I fylgje Lykkja m.fl. (2009) og Stankowich (2008) toler elgen til ein viss grad å

vera nær menneskeleg forstyrning. Jegerane i både Rauland og Øvre Vinje opplever at elgen blir skremt ut av jaktterrenget når det er ferdsel i området. Terrenget er ei forutsetning for korleis elgen bevegar seg i landskapet, noko jegerane òg uttrykte. Når på året forstyrringa gjeng føre seg spelar også inn (Øian et.al., 2015, s.54) og for elgen er vinteren den mest sårbare tida. Elgen på Rauland trekkjer til Øyfjell vinterstid, noko den er avhengig av for å sikre næringstilgangen (L. Mathisen, personleg kommunikasjon, 13.september 2021). Endra trekkruiter kan redusere trekkmoglegheitene og om elgen ikkje får trekkje til Øyfjell kan det påverke bestandsutviklinga. Tal på trekkruiter er allereie redusert på Rauland (H. Loftsgarden, personleg kommunikasjon, 5.april 2022), og med auke i tal hytter vil ytterlegare areal bli beslaglagt. Slik utviklinga i tal hytter har vore i Vinje, tyder det på at det framleis vil bli bygt fleire hytter i åra som kjem. Det vil i større grad legge beslag på leveområde og trekkruiter. Ferdsele frå turistane vil truleg auke i takt med utbygginga og påverke dyrelivet (Spong et.al., 2020).

#### **4.2 Jegerens oppleving av elgjakt**

Utfordringane knytt til jakta er ei stor belastning for jegerane som har ansvar for å felle dyra. Den tradisjonelle naturbruken jakt, har i fylgje fleire jegerar gjennomgått endringar. Jaktlaga må tilpasse seg turismen og ta omsyn til når turisttrafikken er høg. Jegerane jaktar frå morgonen av, før ferdselen aukar utover dagen. Dei har òg opphald i haustferien på grunn av mykje folk i terrenget. Sett i samanheng med studien som viser til at elgen trekkjer seg vekk ved høg aktivitet (Lykkja et.al., 2009), og at elgen i større grad blir påverka av menneskeleg forstyrning (Andersen et.al., 1994, s. 16), er det forklarande at elgen ikkje oppheld seg i jaktterrenget når turisttrafikken er høg. Samtidig må ein anerkjenne turisme og reiseliv som er eit av kommunen sitt satsingsområde (Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021, 2017, s.4). Det er to ulike interesser og ein bør ikkje setje det eine eller det andre som viktigast. Jegerane får felt dyra, men opplever sjølv at det er umotiverande og tidkrevjande. På den andre sida er det mange turistar som ynskjer å bruke utmark uavhengig av om det er jakt eller ikkje. Ei løysing for involverte partar i arealbruks- og interessekonflikten er viktig for å kunne ivareta satsingsområde som omfattar hytter og ferdsel, og for å ha ei god og berekraftig forvaltning av elgen i Vinje.

Forvaltninga i Noreg er avhengig av jakt for å regulere og ha kontroll på bestanden av elg (Mysterud et.al., 2012). På den måten sikrar dei ei berekraftig elgstamme, og reduserer trugslar som parasittar og sjukdommar. Bestandsplanar er viktige rammeverk for jakta og kommunen har også eit ansvar å ivareta elgbestanden. Dei er difor avhengig av at jegerane jaktar. For at elgen skal opphalde seg i jaktterrenget er det ein fordel med minst mogleg ferdsel. Turisttrafikken kan også føre til at elgen oppheld seg andre stader i terrenget slik at jakta blir meir krevjande, noko som er i tråd med jegeranes erfaringar. Sett i samanheng med Tucker m.fl. sin studie kan det òg seiast at elgen blir påverka av ferdsel i terrenget (Tucker et.al., 2018). Når jegerane over fleire år har møtt utfordringar i jakta går det utover motivasjon og rekruttering, noko som allereie har kome fram frå informantane i Vinje.

Store utmarksareal i Vinje gjev rom for både folk og dyr. I takt med tida har bruken av areala endra. Fleire og større hytter med tilhøyrande infrastruktur medfører konsekvensar for dyrelivet (Torres et al., 2011). Med mange turmål og attraktive turterreng er det mykje ferdsel i Vinjes utmark, noko jegerane har erfart. Me som forbrukarar og forvaltarar påverkar dyrs rørslemønster (Tucker et.al., 2018). Under elgjakt har jegerar i Øvre Vinje opplevd at elgen har reist ut av jaktterrenget som fylgje av forstyrningar. Jegerar i begge valda har opplevd å vera nøydd til å avbryte jakta på grunn av høg turisttrafikk. Fleire elgar og hytter, samt større turisttrafikk er ei utfordring for kommunar som Vinje. Ei god forvaltning er viktig i møte med auka ferdsel, og kanskje er det behov for eit rammeverk som fastlegg bruk av områda til dei ulike tidene av året. Dei store areala tilseier at det er mange stader ein kan gå, der det ikkje føregjeng jakt. I møte med turisme er kommunikasjon og kunnskapsformidling viktig for å oppnå forståing. Det krev likevel at begge partar er villige til å kunne samarbeide.

Reiseliv er fremja som viktig og i Vinje er mange av hyttene samla i felt av ulik storleik. I tilknytning til hyttefelta er det både stiar og skiløyper, så ferdselen blir med andre ord kanalisert. Gjennom studien har Stankowich (2008) funne ut at menneske som gjekk langs stiar var mindre trugande enn dei som gjekk utanfor. I kor stor grad turisttrafikken er kanalisert i Vinje er usikkert, men jegerar opplever at folk går utanfor stiane. Det kan tenkjast at folk som er kjende i terrenget, i større grad nyttar seg av områda utanfor. Å velje andre område innanfor jaktterrenget å ha postar i er tilpassingar fleire av jaktfelta har gjort, og som kan bidra til betre oppleving av elgjakta. Ved å unngå å jakte i område nær hyttefelt

og turmål kan ein sikre allemannsretten. Ingen av jaktfelta legg opp til jakt i område med stiar til populære turmål. Slik kan stiane nyttast sjølv under jaktseasonen.

### 4.3 Svakheiter

Svakheiter ved oppgåva er knytt til innhenting av data. Nedgang og oppgang i fellingstal kan skuldast fleire faktorar. For å styrkje datainnstillinga kunne ein inkludert indeksar som tal jaktdagar, og tal jegerar. Fellingsprosent er òg ein indeks som kan seie noko om bestandsutvikling. Den kunne vore inkludert i oppgåva, men blei ikkje inkludert på grunn av manglande data frå 2000 - 2009. Ein nedgang treng ikkje nødvendigvis skuldast færre elg, men utfordringar i jaktfelt som mindre jakting og lågare effektivitet. I Øvre Vinje viser indeksen for felt elg skilnad mellom jaktfelt med og utan hyttebygging ved at Vågslid har lågare fellingstal enn Edland 2. På bakgrunn av få jegerar og få jaktdagar burde det har vore med indeksar som sa noko om dette. Alle jaktfelt har sine utfordringar som kan påverke indeksane. For å få sikre indeksar skal dei brukast over fleire år og over store nok område. Særleg felt-elg på jaktfeltsnivå kan gje usikre tal og tala som er henta ut på vald er sikrare å bruke, trass i at ein då ikkje får dei lokale variasjonane. Dette har ført til at oppgåvas datainnhenting blei avgrensa på grunn av mangelfulle data i dei ulike indeksane.

Ein arealbruks- og interessekonflikt involverer fleire partar og for å få eit heilskapleg bilete på situasjonen hadde det vore interessant å fått inn fleire partar i metoden. Intervju av fleire jegerar, bønder og hytteeigarar kunne sett ytterlegare ljøs på interessekonflikten som har oppstått. Intervju av kvart jaktfelt i begge valda, i saman med fellingsstatistikk kunne bidratt til betre innblikk i dei lokale variasjonane. Jaktfelt med større skilnadar mellom færre og fleire hytter kunne fått eventuelle skilnadar og likskapar betre fram. Men på grunn av mangelfulle registreringar er valde jaktfelt dei mest presentable. I tillegg var det i utgangspunktet ynskeleg å hente data frå Hjorteviltregistret for jaktfelta som vart intervjuet, men også her var det mangelfulle data som sette avgrensingar.

## 5. Konklusjon

Indeksar for bestandsutvikling viser vekst i elgbestanden i Vinje. Jegerane ser fleire dyr, men feller færre dei siste åra i perioden 2000 - 2018. Det sjåast i samanheng med auke i hyttebygginga. I Øvre Vinje viser indeksen for felt elg skilnad mellom jaktfelt med og utan hyttebygging ved at Vågslid som har mykje hytter har tydleg lågare fellingstal. I valdet Rauland er skilnaden mellom Raulandsgrend og nedre Austbø mindre, og skilnadane kan skuldast tildeling av kvoter. Hyttebygging gjev indirekte konsekvensar som auka turisme og eit endra rørslemønster for elgen. Det har ikkje påverka endring i elgbestanden, men vore med på å påverka utøving av jakt. Ein ytterlegare vekst i hyttebygging vil bidra til eit meir innskrenka område, som kan påverke landskapets samanhengar og elgens trekkmoglegheiter.

Opplevinga til jegerane av endringar i elgbestanden og jaktutøvinga som fylgje av hyttebygging er at fleire jegerar seier dei ser færre dyr og har utfordringar knytt til utøving av jakt. Det varierer i kor stor grad jaktfelta er påverka; eit jaktfelt med mykje turisttrafikk, i valdet Rauland, opplever at dei ser mindre elg og brukar lang tid på å felle tildelt kvote. Eit anna jaktfelt i same vald, møter lite utfordringar knytt til utøvinga og har sett bra med dyr. Det viser til lokale variasjonar innanfor valda og at elgen framleis er på Rauland, men at den oppheld seg andre stader i terrenget. Det kjem også fram av felt elg per jaktfelt. Også i Øvre Vinje påverkar turisttrafikken utøving av jakt. Sjølv om det i Øvre Vinje, er færre tal hytter enn på Rauland, er det mange likskapar i erfaring og hendingar knytt til jakt. Her er skilnaden mellom område med færre og fleire hytter større. Endring i elgens rørslemønster krev meir tilpassing av jegerane. Ulik bruk av utmark, krev god kommunikasjon og løysningar som sikrar ei god forvaltning av elgen, i tillegg å sikre turisme og reiseliv.

## 6. Referanseliste

- Andersen, R., Linnell, J. D. C., Reitan, A., Berntsen, F., & Langvatn, R. (1994). *Militær aktivitetes innvirkning på hjortevilt. Flyktrespons, fluktatferd og arealbruk hos elg ved påvirkning av ulike forstyrrelsesstimuli* (Oppdragsmelding Nr. 316).
- Bjørneraas, K., Solberg, E. J., Herfindal, I., Van Moorter, B., Rolandsen, C. M., Tremblay, J.-P., Skarpe, C., Sæther, B.-E., Eriksen, R., & Astrup, R. (2011). *Moose *Alces alces* habitat use at multiple temporal scales in a human-altered landscape*.  
<https://bioone.org/journals/wildlife-biology/volume-17/issue-1/10-073/Moose-Alces-alces-habitat-use-at-multiple-temporal-scales-in/10.2981/10-073.full>
- Bygningsmassen, Statistisk sentralbyrå*. (2022). SSB. Henta 14. mai 2022 frå  
<https://data.ssb.no/api/v0/no/table/03174/>
- Dalland, O. (2021). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal.
- Elg og hjort*. (2021). Hjortevilt. <https://www.hjortevilt.no/forvaltning-av-elg-hjort-og-radyr/>
- Erling J. Solberg m.fl. (u.å.). *Elgens bestandsøkologi i Norge—Og råd for god forvaltning*.  
<https://docplayer.me/131062846-Elgens-bestandsokologi-i-norge-og-rad-for-god-forvaltning-erling-j-solberg-mfl.html>
- Evju, M., Hegre, H., Lyngstad, A., Svalheim, E., Thorvaldsen, P., Tingstad, L., Velle, L. G., Øien, D.-I., & Framstad, E. (2020). *Overvåking av effekter av tiltak for truede arter og naturtyper* (NINA Rapport; 1816). Norsk institutt for naturforskning.  
<https://brage.nina.no/nina-xmlui/bitstream/handle/11250/2653653/1816.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Fangel, K., & Gundersen, V. (2012). Rovviltforvaltningen i et planteoretisk perspektiv. *ResearchGate*, 1. [https://www.researchgate.net/profile/Kirstin-Fangel/publication/271200260\\_Rovviltforvaltningen\\_i\\_et\\_planteoretisk\\_perspektiv/links/54c0ccb70cf28eae4a697c7e/Rovviltforvaltningen-i-et-planteoretisk-perspektiv.pdf](https://www.researchgate.net/profile/Kirstin-Fangel/publication/271200260_Rovviltforvaltningen_i_et_planteoretisk_perspektiv/links/54c0ccb70cf28eae4a697c7e/Rovviltforvaltningen-i-et-planteoretisk-perspektiv.pdf)
- Græsli, A. R., Thiel, A., Fuchs, B., Singh, N. J., Stenbacka, F., Ericsson, G., Neumann, W., Arnemo, J. M., & Evans, A. L. (2020). *Seasonal Hypometabolism in Female Moose*.  
[https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/2761737/Gr%25C3%25A6sli\\_Seasonal%2bhypometabolism%2bin%2bfemale%2bmoose.pdf?sequence=2&isAllowed=y](https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/2761737/Gr%25C3%25A6sli_Seasonal%2bhypometabolism%2bin%2bfemale%2bmoose.pdf?sequence=2&isAllowed=y)
- Helberg, M. (2020). Solitær. I *Store Norske Leksikon*. [https://snl.no/solit%C3%A6r\\_-\\_zoologi](https://snl.no/solit%C3%A6r_-_zoologi)



Helstad, E. O., Fremming, O. R., Storaas, T., & Solbraa, K. (2005). *Beiteskader og framtidig forvaltningsstrategi av elg i Nord-Østerdal—Røros elgregion, vestre arbeidsområde* (Nr. 5). Høgskolen i Hedmark. [https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/133603/opprapp05\\_2005.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/133603/opprapp05_2005.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

*Hjortevilt i arealplanlegging*. (2021). Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/fisk-og-vilt/hjortevilt-i-arealplanlegging/>

Hjorteviltregisteret. (2022). *Statistikk, sette og felte*. Hjorteviltregisteret. <https://hjorteviltregisteret.no/Statistikk/Elg/Sett/Felt?fra%C3%A5r=1985&fylker=0&granularitet=0&gruppering=0&til%C3%A5r=2020>

*IPBES The global assessment report on biodiversity and ecosystem services*. (2019). <https://zenodo.org/record/5657041#.Yih3khPMK3J>

Iversen, E. K., Løge, T., & Dombu, S. V. (2016). *Ringvirkninger av reiselivet i Vinje* (Ringvirkningsanalyse Nr. 66/2016). Menon Economics. <https://visitrauland.com/holtardalen/wp-content/uploads/sites/94/2021/02/Vinje-rapport-endelig.pdf>

Kommunefakta, Vinje. (2022). I *Statistisk sentralbyrå*. Hentet 27.mai 2022, frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/vinje>

*Kommuneplanens samfunnsdel, Vinje kommune, 2016-2035*. (u.å.). Vinje kommune.

Lykkja, O. N., Solberg, E. J., Herfindal, I., Wright, J., Rolandsen, C. M., & Hanssen, M. G. (2009). The effects of human activity on summer habitat use by moose. *Alces Journal*. <https://alcesjournal.org/index.php/alces/article/view/21/19>

Meland, M., Myhren, F. O., Gangsei, L. E., & Roer, O. (2020). *Elgen i Telemark etter jakta 2019* (FAUN RAPPORT Nr. R007-2020). Faun Naturforvaltning.

Messina, S., Edwards, D. P., Eens, M., & Costantini, D. (2018). Physiological and immunological responses of birds and mammals to forest degradation: A meta-analysis. *Elsevier Ltd*, 224, 223–229. <https://doi.org/10.1016/j.biocon.2018.06.002>

Mysterud, A., Sæther, B.-E., Ytrehus, B., Rolandsen, C. M., Solberg, E. J., Meisingset, E., Nilsen, E. B., Haanes, H., Gundersen, H., Wam, H. K., Sand, H., Herfindal, I., Linnell, J. D. C., Rosvold, J., Bjørneraas, K., Handeland, K., Røed, K. H., Hjeljord, O., Strand, O., ... Veiberg, V. (2012). *Klauvvilt i norsk natur—Historie, biologi og forvaltning*. Akademika forlag.

*Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021*. (2017). Vinje kommune.

- Overordna forvaltningsplan for hjortevilt i Vinje kommune 2021-2023. (u.å.).  
[Forvaltningsplan]. Vinje kommune.
- Pedersen, S., Kjelsaas, I., Guldvik, M. K., Handberg, Ø. N., & Navrud, S. (2020).  
*Samfunnsøkonomisk verdi av elgjakt i Norge* (Menon-publikasjon Nr. 28). Menon  
Economics. [https://www.menon.no/wp-content/uploads/2020-28-  
Samfunns%C3%B8konomisk-verdi-av-elgjakt-i-Norge.pdf](https://www.menon.no/wp-content/uploads/2020-28-Samfunns%C3%B8konomisk-verdi-av-elgjakt-i-Norge.pdf)
- Rueness, E. K., & Halleraker, J. H. (2020). Habitatfragmentering. I *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/habitatfragmentering>
- Skaufjord, P. A. (2010). *Den «hellige» jakta* [Masteroppgave, Universitet i Oslo].  
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/15314/Skaufjord.pdf?sequence=4>
- Solberg, E. J., Veiberg, V., Rolandsen, C. M., & Nilsen, E. B. (2017). *Sett elg- og sett hjort  
rapportering, bør vi endre registreringsinstruksen?* (Nr. 1327). Norsk institutt for  
naturforskning.
- Speed, J. D. M., Austrheim, G., Kolstad, A. L., & Solberg, E. J. (2019). Long-term changes in  
northern large-herbivore communities reveal differential rewilding rates in space and  
time. *PLOS ONE*, 14(5). <https://doi.org/10.1371/journal.pone.0217166>
- Spong, G., Gould, N. P., Sahlén, E., Cromsigt, J. P. G. M., Kindberg, J., & DePerno, C. S. (2020).  
Large-scale spaital variation of chronic stress signals in moose. *PLOS ONE*. .  
<https://doi.org/10.1371/journal.pone.0225990>
- Stankowich, T. (2008). Ungulate flight responses to human disturbance: A review and meta-  
analysis. *Biological conservation*, 141 (9), 2159–2173.  
<https://doi.org/10.1016/j.biocon.2008.06.026>
- Syverhuset, A. O. (2018). *Endringer i rapportering av sett elg og sett hjort*. Hjortevilt.  
<https://www.hjortevilt.no/endringer-i-rapportering-av-sett-elg-og-sett-hjort/>
- Sømme, A., Langdalen, E., Einevoll, O., Aase, A., Thormodsæter, A., Øvstedal, S., Skage, O. R.,  
& Sundt, H. A. (1965). *Fjellbygd og feriefjell*. J.W. Cappelens forlag.
- Taugbøl, T., Vistad, O. I., Nellemann, C., Kaltenborn, B., Flyen, A.-C., Swensen, G., Nybakken,  
A., Horgen, B. C., Grefsrud, R., Lein, K., Sivertsen, J. B., & Kjell, G. (2000). *Hyttebygging  
i Norge. En oppsummering og vurdering av ulike miljø- og samfunnsmessige effekter  
av hyttebygging i fjell- og skogtraktene i Sør-Noreg* [Oppdragsmelding].  
<https://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/oppdragsmelding/709.pdf>
- Thorsnæs, G., Lundbo, S., & Mæhlum, L. (2022). Vinje. I *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/Vinje>

- Torres, R. T., Carvalho, J. C., Panzacchi, M., Linnell, J. D. C., & Fonseca, C. (2011). *Comparative use of forest habitats by roe deer and moose in a human-modified landscape in southeastern Norway during winter*. <https://doi.org/10.1007/s11284-011-0837-0>
- Tucker, M. A., Böhning-Gaese, K., Fagan, W. F., Fryxell, J. M., Van Moorter, B., Alberts, S. C., Ali, A. H., Allen, A. M., Zwijacz-Kozica, T., & Mueller, T. (2018). Moving in the Anthropocene: Global reductions in terrestrial mammalian movements. *United States: American Association for the Advancement of Science, Science, 2018, Vol.359 (6374)*, s. 466–472. <https://doi.org/10.1126/science.aam9712>
- Turner, M. G., & Gardner, R. H. (2015). *Landscape Ecology in Theory and Practice* (2. utg.). Springer-Verlag.
- Vestfold og Telemark fylkeskommune. (2020). *Kommuneprofil Vinje kommune 2020*. <https://www.vtfk.no/globalassets/vtfk/dokumenter/om-regionen-vt/kommuneprofiler/vinje-kommune-2020-.pdf>
- Vistad, O. I., Eide, N. E., Nellemann, C., & Kaltenborn, B. P. (2004). *Hyttebygging i utmark-fritidssamfunnets stormløp i naturen. Vol.35 (2)*. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN1504-3045-2003-02-02>
- Wikenros, C., Zimmermann, B., Sand, H., Månsson, J., Maartmann, E., Eriksen, A., & Wabakken, P. (2019). Tildelt, sett og felt elg i forhold til ulveforekomst i Norge og Sverige. Utredning om ulv og elg del 1. *Høgskolen i Innlandet, 22*.
- Øian, H., Andersen, O., Follestad, A., Hagen, D., Eide, N. E., & Kaltenborn, B. (2015). *Effekter av ferdsel og friluftsliv på natur*. (NINA rapport Nr. 1182).

## 7. Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide

Vedlegg 2: Intervju

## Vedlegg 1 intervjuguide

<b>Mål</b>	Kva konsekvensane av aukande hytteutbygging og turisme er for elgbestanden og utøvinga av jakt i fjellbygdane i Vinje.
<b>Problemstilling</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Korleis har tal og indeksar for felte og sette elg utvikla seg i jaktfelt med og utan hytteutbygging?</li> <li>2. Kva slags oppleving har jegerane av endringar i elgbestanden og jaktutøvinga som følgje av hytteutbygging?</li> </ol>
<b>Tema</b>	Problem knytt til utøving av jakt, andre måtar å jakte på. Lokal erfaring, arealbruks- og interessekonflikt.

### Status og utvikling

- Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?
- Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?
- Jaktutbytte.

### Tilpassingar av jakta

- Som følgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?
- Endring i utøving av jakt?
- Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som følgje av turisme?

### Kulturmøte mellom ulike interesser

- Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?
- Populære tursmål i jaktterreng?
- Haldningar til jakt før og no?

## Vedlegg 2 Intervju

**Jaktfelt: Nedre Austbø**

### Status og utvikling

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Det har vore ei gradvis endring. No er ikkje me det jaktlaget som er verst utsett for endringane, men me opplever eit trykk likevel. Ikkje det same som det var på 90-tallet. Me opplever det som vanskeleg å få dyr fram der ein tidlegare såg dyr og me sat å posta, og der det tidlegare var trekk. Jaktterrenget er innskrenka og det er eit problem med innsnevra trekkruiter. Hyttefeltet Hovdeli er næraste felt. Me ser litt elg utanfor jakta, men i eit innskrenka område.

**Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Me såg litt meir elg i fjor. På slutten av 90-talet kunne me sjå 8-9 elgar i drivet, men det er mykje mindre i dag.

**Korleis er jaktutbytte?**

Me får fylt kvota, men ikkje alltid. Mogleg det hadde vore lettare om me hadde kunna bruka heile terrenget. Me har opplevd å måtte avbrote driv på grunn av at folk kjem inn i drivet.

### Tilpassingar av jakta

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Jakta føregjeng stort sett i helga, men kjem me langt ut i sesongen brukar me vekedagane også, om nødvendig. I område der me skaut mykje før, hadde me faste postar, i eit trekkområde. Der er ikkje elg no. Me har flytta postane.

Tidspunkt: Morgojakt, på føremiddagen for å unngå hyttefolk, me opplever at ferdselen er noko mindre då.

**Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Det er mange små terrenng, og dei bli endå mindre på grunn av at dyra (særleg under jakt) ikkje går i mot område der jakta føregjeng. Me opplever at dyra skjer av før dei kjem til hyttefelta. Det er sjeldan dei går nær hyttefelta i jakta, sjølv om elgen ikkje er så var som

reinen. Det er ei stor plage med folk som har med lause bikkjer på tur, fordi me sjølv nyttar jaktbikkje i drivet.

### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

**Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Me kan møte 7-8 personar som gjerne er høgmælte og mange gonger med lause bikkjer. Me har prøva å sett opp skilt for å minne om elgjakt. Det er mange høflege, men få som snur. Kjeft er også å få.

**Populære turmål i jaktterreng (Falkenuten, Sveigefjell og Breiddalseggi? Fleire?)**

Ja, det er Skinuten, Hovdenuten er populær og til Brattskarnut plagar det også å vera mykje ferdsel.

**Haldningar til jakt (før og no)?**

Folk er meir uvitande enn før, før var folk meir vandt med jakt og akseptera det. Men det er også mange bra folk på mange måtar.

**Korleis er motivasjonen innad i laget?**

Eg har opplevd at jegerar har reist heim igjen og ikkje vil jakte i område når det er i område nær hyttene. Eg syns det er lettare å få jegerane med meg dei fyrste helgene, mange har pause i haustvikene, rekruttering på jaktlaget er vanskeleg på grunn av trafikken.

**Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Har vore på storvaldmøte: tre lag som har problem med mykje mindre elg. Blant anna Falkeriset og Raulandsgrend. Torvetjønnelaget strevar også.

Me er uroa for at dei vil prøve å stoppe jakt i helgene, det har blitt gjort nedanfor.

Me ynskjer å prøve å få til møte med kommunen, turistane og andre partar det gjeld slik at me kan finne ei løysning. F. eks restriksjonar på bruk av ulike delar av område til dei ulike tidene.

## **Jaktfelt: Austbø Øvre**

### **Status og utvikling**

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Me har egentleg ikkje merka eit skilje. Terrenget blir ikkje mykje bruka av turistane, då det berre er ein sti som går i området, som ikkje blir bruka så mykje av turistane

**Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Ikkje noko merkbart. Me har sett mykje dyr.

**Korleis er jaktutbytte?**

Me gjer oss ferdig med jakta på 2-3 helger. Jaktterrenget vårt er frå Austbø til Digrefit og mot skisenteret. Og opp mot Killingstaul og mot Farhovd. Me jaktar ikkje mot Farhovd på grunn av mykje hytter. Jaktterrenget er i skogen, mest i åsane over Austbø. Plagar å vera bra, lite folk i terrenget.

### **Tilpassingar av jakta**

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Me jaktar i helgene. I haustferien har me opphold på grunn folk. Er motivasjonen god? Ja, den er god. Det har skjedd at folk kjem forbi, men det er sjeldan og dei øydelegger ikkje.

Men det er klart, om det kjem folk i drivet kan det bli problematisk. Det er når ein få turstiar inn mot jaktterrenget det er problematisk. I eit område mot skisenteret jaktar me tidleg om morgon for å sleppe turistane. Men me jaktar mindre i dette området.

**Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Nei, jaktbikkja finner som regel elg.

### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

**Populære turmål i jaktterreng?**

Det er eit lågt jaktterreng som er skogkledd. Ikkje turområde. Ein har trekkruiter litt før ein kjem til Hovdeli, elgfare. Elgen trekker frå dette område og til Austbø Nedre sitt terreng. Boligplanar ved Helleberg vil kanskje påvirke elgtrekk.

**Korleis er motivasjonen innad i laget?**

Den er god.



## **Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Jaktlaget har generelt gode opplevingar med jakta. Jaktlaget består av 7-8 personar, der ein går med bikkje (og bikkja finn som regel elg). Jakta plagar å vera bra, med lite folk i terrenget. Mange turistar held seg i nærområdet og reiser ikkje så langt. Mange som har hytte i Holtardalen nyttar skitrekka.

## **Jaktfelt: Falkeriset**

### **Status og utvikling**

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Ja, me merkar store forandringar på trafikken av elg og folk. Det er veldig negativt for elgen. Det gjeng ein sti frå Flotebu og til Falkeriset. Her er det kollosalt med trafikk. Det gjeng ikkje ann å jakte. Dei er tidleg ute, om så klokka er halv 7.

### **Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Ja, mykje færre dyr å sjå. Særleg i området av terrenget der det er mykje turisttrafikk, der er nesten ikkje lenger elg. T.d. ved Torvehovd. I år var fyrste året eg ikkje har sett spor i vegen om våren. Elgene trekker høgare om sommaren, og har valt andre ruter.

### **Korleis er jaktutbytte?**

Me har godt jaktutbytte der det er lite trafikk, ved Bjortjønn og Homvatn. Her er det sjans til å få dyr. Nord for Englandsmoen er det også best sjans, for her kjem trekkdyra. Me jaktar best i slutten av jakta då elgen kjem frå fjellområda, ved Løyningdalen. Før trekte dei på austsida av Falkeriset, det gjer dei ikkje lenger. Kråmvikterrenget er også øydelagt.

Nabovalet har ikkje turistar i den grad i terrenget sitt og jaktar godt heile jakta.

Me er 5 grunneigarar, og fleire jegerar. Det har skjedd at me ikkje har fått dyr. Me jaktar mykje og held på lenge.

### **Tilpassingar av jakta**

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Me jaktar langt utetter hausten og mot vinter. I haustferien pausar me, me kuttar ut jakta då. Den andre helga i haustferien blir felleshelg for dei ulike haustferiane så det er mykje folk. Me har slutta å irritere oss over det, det er berre me som har vondt av det. Me må få

det til på ein annan måte. Det mest ideelle er å bruke vekene, men folk har fri med helgene. Det er også greitt å vera på banen når dei andre jaktar, slik at ein kan kommunisere og samarbeide og seie ifrå om elgen går over på naboterrenget.

### **Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Ikkje problem med bikkje.

### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

#### **Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Me har sett opp skilt, det hadde vore moro å vist kva dei tenkjer når dei ser skiltet, fordi dei gjeng likevel. Eg har opplevd eit par telefonar i løpet av dei mange åra eg har jakta der dei har spurt om dei kan gå vidare. Etterkvart som det blir meir turistar, blir det også folk meir nyskjerrige og finn nye stader å gange.

#### **Populære turmål i jaktterreng?**

Falkeriset, Husnuten (her har turistar tatt seg til å merkt veg frå Spjotar) og Breiddalseggi.

#### **Haldningar til jakt (før og no)?**

No er det fleire i flokk og fleire i fylgje. Og fleire type turistar. Før var det meir naturvante folk. Mange brukar terrenget til å trene i. Orienteringsklubben legg ut postar. Eg hugsar ei gong det kom ein springande. Eg sa ifrå at det var elgjakt og eg tenkte at han snudde, men det gjorde han ikkje. Det er bra med trafikk med støylen Torvehovet.

Det er kanskje mangelfull kunnskap blant folk.

#### **Korleis er moitvasjonen innad i laget?**

Folk blir leie når dei er med på jakt helg etter helg og ikkje ser elg. Særleg dei yngre.

Jaktterrenget er høgfjellsskog, med mykje myrar og bjørk. Ikkje mykje grån og furu. På austsida av Falkeriset var det bankers, jakta me der før var me sikra.

Elgen held seg i dei rolege områda, i løpet av nokon år endrar dei trekkruter. Beiteressursar har også noko å seie

#### **Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Me savnar at kommunen tar omsyn til bygdefolket. Det gjeng utover trivsel og bygdemiljøet.

## **Jaktfelt: Raulandsgrend**

### **Status og utvikling**

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Ei gradvis utvikling ettersom utbygginga har auka

**Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Me ser færre dyr.

**Korleis er jaktutbytte?**

Det er dårlegare jaktutbytte.

### **Tilpassingar av jakta**

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Ja, me jaktar ikkje i haustferien og ikkje i dei store utfartshelgene. Den beste jakta er etteer at utfartsvegane til turistane er stengde på grunn av snø.

**Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Ja, mange er redde for bikkjene sine. Det vil seie, redde for å sleppe dei på grunn av ekstremt stor biltrafikk i jaktområde.

### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

**Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Sjølv om me skiltar med " Jakt pågår" opplever me stadig fotturistar i drevet, folk som bålar i jaktterrenget når jakt pågår og folk som vil sleppe fuglehundar for å trene dei medan me jaktar.

**Populære tursmål i jaktterreng?**

I mitt jaktterreng har me 10 merka og delvis merka og rydda turstiar: Falkeriset, Bitdalsstrondi, Fallbrotdalen, Sveigefjell, Ljoså, Spjotar, Listaul, Rauland Alpinsenter, Tehytta og Haguskard.

## **Haldningar til jakt (før og no)?**

Sidan me må jakte etter at snøen har kome pga turisttrafikken i terrenget er interessen avtagande avdi det blir meir tidkrevande og hardt fysisk slik at eldre jægerar ikkje klarar å bli med. Rekrutteringa blir det så som så med under slike forhold.

## **Jaktfelt: Hyljelii**

### **Status og utvikling**

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Eigedomen me har, har eit lite hyttefelt med 40-50 hytter. Det er særleg merkbart i reinsdyrjakt, då ei raudmerka turistløype til Bjåen går i terrenget (utan tillating frå grunneigar). Dette er akkurat i området me jaktar. Me har avbryte masse reinsdyrjakt på grunn av folk. Dei sit og har pause, som gjer til at terrenget er tomt for dyr.

Har jakta i 7 år, og merkar at det er meir turistar i terrenget. Mange som kjem inn på terrenget og me må avbryte.

### **Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Me er eit ungt jaktlag og har ikkje jakta tilbake til 2000, men me ser mindre dyr, og mindre stasjonære dyr. Også hjort er det særleg mindre av. Dyra har trekt over til andre sida av vegen.

### **Tilpassingar av jakta**

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Me er mange småbarnsfamiliar som jaktar og som ikkje har moglegheit til å spare ferie for å jakte, då denne må brukast om sommaren. Difor jaktar me i dei helgene me er ledige, og har ikkje sjans i vekene. I haustferien er det håplaust å jakte.

### **Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Me har bytta frå lausbikkje til å bruke band. Det er fleire grunnar, men litt av grunnen er at hyttefolket har meldt ifrå om at bikkja sprang gjennom hyttefelt og at det var skummelt for borna. Dei meiner det er unødvendig at me slepper bikkja og at me må ta omsyn til dei.

Nedste feltet med hytter er ubrukeleg for oss å jakte på.

## Kulturmøte mellom ulike interesser

### **Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Når ein jaktar har ein ansvar for sikkerhet. Kjem det folk inn på terrenget seier me ifrå, og blir møtt med både forståing og kjeft. Nokon viser forståing og vi ved at dei snur og går stille ned. Andre kjeftar (uoppfordra også) for at dei blir sagt ifrå til. Andre trassar og blir sinna på jaktlaget. Det er mange som slår i bordet med allemannsretten, og ein føler allemannsretten trumfar grunneigars rett til å drive næring. Har sett opp skilt om hensyn til jakt, som blir nedrivd. Det er eit stor belastning for jaktlaget. På terrenget har me ein veg som har bom. Ei gong hang der ein lapp der det stod at det var laga natursti. Dette føregjekk over heile terrenget. Så det er lite forståing. Det var også ei gong det var ein som sinna då me ba dei om å snu og gå på andra sia (me var ferdige om halvannen time), fordi det var eit aktivt driv. Han blei så sinna at han brølte, skreik og hoppa. Personen som roleg sa ifrå blei uroa for oppførselen. Me opplever at hyttefolket tar seg veldig til rette. For oss er det både matauk og viltforvaltning som me blir hindra i.

### **Populære turmål i jaktterreng?**

Veg til Sæsnuten går i terregnet, Klypenuten har også mykje trafikk opp. Me driv opp Førvasslie og elgen gjeng forbi postrekka og vidare spring opp til Klypenuten. Folk blei redde for at me jaga elgen mot dei og dei blei redde. Elgen søker høgt for å få oversikt og det er naturleg at det går opp mot Klypenuten. Me sa ei gong ifrå til ei at at det var 3 elgar som var på veg opp, ho kom skrikande ned igjen. Det har blitt ein liten krig mellom jaktlaget og hyttefelt. Det ynskjer ikkje me. I dei 3-4 mnd med driv på ynskjer me meir forståing for jakta. Me fekk utvida jakt for å fylle kvota (også på grunn av CWD). Ser at rundt fyrste snøfall er det meir elg terrenget fordi folk er mindre på hyttene i denne perioden.

### **Korleis er moitvasjonen innad i laget?**

Det er veldig umotiverande for jaktlaget. Av og til har me lyst å pakke og reise. Me brukar mykje tid på organisering og barnevakt. Så kjem me halvvegs i eit driv og så sit det mange barnefamiliar å rastar og er på tur. Då må me avbryte.

### **Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Kva type terreng ein har tilgang er ein faktor. Me har ein veg som er lett tilgjengeleg å lett å bruke for alle uansett (kropp, kondis etc). Andre sia av vegen er terrenget meir skogkledd og

mindre folk i motsetning til andre sida som har utsikt. Generelt: me få ei ei belastning, medan andre tener på hytte- og tomtsalg. Ein irritasjon.

### **Jaktfelt: Vågslid**

#### **Status og utvikling**

**Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Ei gradvis endring.

**Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Me ser mindre dyr (i denne delen med meir turistar).

**Korleis er jaktutbytte?**

Me får ikkje fylt kvota kvart år, men det er på grunn av få jegarar og lite jakting.

#### **Tilpassingar av jakta**

**Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

Me jaktar i helgene. Merkar det i haustferien at er det mindre dyr i terrenget. Ganske mykje turistar og folk som traskar i stiane. Merka tydeleg eit skilje før og etter ferien. Elgen reiser aust og su i bygdi, retning Haukeli. Jaktterrenget Vågslid nord, så er det høgare opp i terrenget så det er naturleg at elgen trekke lenger ned i lågare strøk. Og turistane skal ikkje ha skulda for alt.

Me jaktar frå Prestegård og til midt i Vågslid- bygdi. Tyrvelid er område med mest hytter, og her er det turar også, og ved Fossen. Særleg hausferien som er merkbar.

#### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

**Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Dei fleste skjønner og forstår, men ikkje alle skjønner teikn.

**Populære turmål i jaktterreng?**

Tyrvelidområdet, og ved Fossen er det populære turar.

**Korleis er motivasjonen innad i laget?**

Den kan vera noko mangelfull.

## **Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Endra seg over tid med tettleik av elg. Når eg var liten så var det ikkje snakk om elgjakt i heile tatt, etterkvart blei det bra med jakt og bra med dyr.

## **Representant frå viltrådet (kjennskap til heile Vinje bestandsplanområde)**

### **Status og utvikling**

#### **Det blir hevda at jakta har blitt endra, og at det er eit skilje frå 2000-talet. Er det eit merkbart skilje eller ei gradvis utvikling?**

Det er ikkje eit tydeleg skilje, men ei gradvis utvikling. Det var like etter 2000 at det tok av med hytter og tar ei tid før det blir eit trykk som blir merkbart.

#### **Ser de fleire eller færre dyr (før og no)?**

Gradvis her også, det handlar meir om korleis me legg opp forvaltninga enn turistane. Det ideelle er eit snitt på 0,4 for kommunen og me prøvar å regulere bestanden til å ligge rund det det snittet. Etter 2018 med ny teljeinstruks kan ein rekne å ligge på eit snitt på 0,8. Å ha storvalda gjev moglegheiter for at ein kan regulere lokalt og kvotene varerier i kommunen.

#### **Korleis er jaktutbytte?**

Eg trur ikkje hyttene har påverknad på elgen, jaktutbytte og stammestorleiken. Det har med korleis ein forvaltar. Ulykker er også faktorar, er det for mykje elg blir problem etter vegane. I 2000 var det heilt nedpå fredning på Rauland, og det har blitt bygd gradvis oppatt og ein regulerer med kvotar på korleis me vil ha det.

Det er store vidder for elgen i Rauland, og elgen tilpassar seg og gøymer seg.

Hyttefelt er konsentrera, og løypene kanalisera.

I ei påske tilbake, var det skare. Då gjekk folk kor dei ville og det resultere fleire påkøyrslar, eit par stykke (normalt er det sjeldan påkøyrslar der, har arbeidd med dette sidan 1983). På grunn av at det er lettført og folk gjekk kor dei ville, skræmde dei elgen der den vanlegvis hadde fred.

### **Tilpassingar av jakta**

#### **Som fylgje av at det er vanskeleg å utøve jakt i utvalde område, har jaktlaget måtte tilpassa seg turismen ved å jakte på andre dagar (i veka, i staden for helger, sesong)?**

I enkelte område er det mange justeringar. Jaktar ikkje haustferien, og helger. Så mykje folk, at det er område ein ikkje får jakte på grunn av hyttene og trafikken. Vareirer frå område til

område. Nokon er kanskje meir belasta enn andre. På Rauland dei har som bygd flest hytter er bureisingsbruk (nokon mål til kvar) og mange er nedbygd heilt (Vierli, Livold, og Flotebu). I Holtardalen er det også mykje bygd ned (Tvitekkja, Bøen og Svalastog). Men det er dei andre som ikkje har bygd ut som får belastning på jakta. Valget mellom pengar og jakt er ulikt og for mange enkelt å velje mellom.

Raulandslaget får skuterløyve (Rauland og langs Kråmviki) på grunn av jakt ut etter vinter. (Løypa til Falkenuten gjeng i terrenget). Elgen er ikkje så var for forstyrringar, berre den får gøyme seg. Sikkerhet er også viktig, ikkje moro å jakte når det er så mykje ferdsel i terrenget.

### **Har det oppstått problem knytt til bruk av bikkje som fylgje av turisme?**

Ikkje forhold til jakta. Ikkje nemneverdig at det skjer. Då er det tilfeldighetar. Bikkjene bryr seg kun om elgen. Viss ein har los, og folk skræmer elgen i drivet reiser både elgen og bikkja.

### **Kulturmøte mellom ulike interesser**

#### **Jakt handlar mykje om folkeskikk og respekt for andre. Det er ikkje alle som viser forståing når dei møter jaktfolk i terrenget. Erfaringar / hendingar?**

Opplevde sjølv ein los, og plutselig var det ein som kom vandrane som skulle kikke etter salamandarar i ein pytt. Eg har fått referert frå andre at folk seier i frå og får til svar: «jeg går hvor faen jeg vil». Mange av desse svara vil bli problematisk. Det er mangel på kunnskap og mangel på folkeskikk. For å lukkast i jakta må det vera fredleg, elgen blir var om det er mykje ferdsel i terrenget. Eit problem som berre aukar til meir hytter og ferdsel det blir.

#### **Er det noko ana du tenkjer er nemneverdig?**

Elgen vassar ikkje i hyttene, og ein kan ikkje jakte i hyttefelt (sikkerhet). Alle dyr har sine faste vegar, og eit elgtrekk gjennom 1000 år tar meir enn 10-15 år å endre vegen for elgen og trekka vil felle ut etterkvart.

Elgfaret: Holtardalen: her var det km å gange før og no kan ein køyre bil heilt inn i hyttefelt.

Elgtrekk (særleg vår og haust): att eit område Garatun til Rukkemo. Prøvar å passe på dette.

Ved hotellet og Vierli var trekk før og er i dag utbygd. Trekkområde før var ved Hadland og Esso.

Når det gjeld avskjoting så blir det dela ut kvote på 3 års periodar. Om ein skyt kvota det fyrste eller seiste året er det sama, det kan laget velge sjølv. Det blir ofte at ein del dyr det tredje året og difor meir avskjoting det tredje år som kan vera synleg i statistikkane.